



Møtereferat

Dato: 19. juni 2023

Tid og stad: Kl. 10:00 – 12:00,
Statsforvaltaren i Vestland, kontor Bergen

Bakgrunn: Arbeidsmøte for
kommuneplanen sin arealdel for Alver

Til stades: Frå Statsforvalteren: Nils Erling Yndesdal, Eirik
Brynjelsen og Hege Brekke Helleshøe.

Frå Alver kommune: Kristin Nåmdal, Siril Therese Sylta,
Laila Bjørge, Trude Langedal, Edvard Feyling Hviding og
Marte Hagen Eriksrud.

Arbeidsmøte om pågåande arbeid med kommuneplanen sin arealdel for Alver kommune

Agenda

1. Kort om prosessen med KPA Alver, ved Alver kommune
2. Statsforvalteren sine forventningar til planarbeidet
3. Utvalde kunnskapsgrunnlag og utgreiingar, ved Alver kommune
 - a. KPD Naturmangfald
 - b. Kjerneområde landbruk
 - c. Kartlegging av funksjonell strandsone
 - d. Arealregnskap – vi har behov for rettleiing og tips om gode døme.
4. Bustadutvikling i Alver, ved Alver kommune
 - a. Sentra i Alver
 - b. Bygder og grender
 - c. LNF-spreidd bustad – Vi ønskjer å drøfte metode
 - d. Oppfølging av vedtaket som vart gjort i styringsgruppa APM 095/23

Referat

Alver kommune gjekk gjennom korleis vi arbeider med KPA, viste kort dei ulike kunnskapsgrunnlaga som er i prosess. Viste metode for grovsiling av innspel. Vidare presenterte vi nordhordlandskart og innsynsmodellen vår for innspel. Alver kommune fekk gode tilbakemeldingar på korleis vi arbeider med KPA.

Strandsone - soneinndeling

Alver kommune har utarbeida ein rapport med vurdering av funksjonell strandsone. Tidlegare Radøy kommune ligg i sone 3, og tidlegare Lindås kommune og Meland kommune ligg i sone 2. I rettleiaren er det opning for at ein i kommuneplanen kan gjere ei lokal differensiering av sonene. Alver ønskjer å gjere ei vurdering på differensiering av sonene. Til dømes vurderer vi det slik at forvaltninga av området innover mot Romarheim kan ha andre føringar enn til dømes pressområda i Knarvik/Frekhaug. Alver kommune ønskjer bistand frå Statsforvalteren i korleis ein skal gå fram for å gjere ei slik differensiering og om det er døme frå andre kommunar som har gjort liknande lokal differensiering.



Statsforvalteren kjenner ikkje til nokon som har gjennomført ei slik differensiering. Det er ein opning i rettleiaren, for å sette ei ny differensiering av sone 2 og sone 3. Det føreligg klare føringar også for sone 3 og det må ein ha med seg. Det er ikkje aktuelt å opne for meir utbygging enn kva som er opna for i rettleiaren.

Konklusjon; punkt for vidare dialog.

Arealrekneskap

Alver etterspør gode døme på arealrekneskap.

Statsforvalteren: Det er fleire døme på gode arealrekneskap. Trekkar fram arealrekneskap frå Agder Fylkeskommune og frå Kvinnherad (gode på siling av jordvernkrteria og jordvern) og Bremanger (berre satt opp for nye tiltak). Sistnemnte kan til fordel kombinerast til ein solid modell. Rogaland fylkeskommune «På Jærsk» er også eit godt døme. Viktig med tydeleg framvising av byggereserve på dyrka mark og andre viktige areal. Kor mykje finnes i gamal og ny plan? Kor mykje foreslår ein som nytt? Må komme klart frem kva kommunen har av reserve. Rettleiaren frå Rogaland er ein god måte å sile på. Fastsette kriteria med alternativ (alternativa er viktig her). Det ligg mykje karbonrike areal i eksisterande planar. Om dei ikkje er bebygd, bør dei vurderast å tas ut.

Kjerneområde landbruk

Presentasjon frå Laila Bjørge. Avsetjing av areal frem i tid for landbruket er ein viktig tematikk i planarbeidet. Er gjennomført kartlegging av kjerneområde landbruk.

Lokal vekstsone og bustadinnspel

Alver kommune har fastsatt vekstsoner for alle sentra, og vekstsonene vert brukt aktivt i grovsilinga av innspel til arealdelen.

Vi drøfta utfordringar i Alver som er både arealpress i sentral strøk, samt fråflytting og nedbygging av landbruket i nokre deler av kommunen. Korleis kan vi bruke bærekraftstenkinga, (tredelinga – sentera, bygder og spreidd busetnad) i eit planperspektiv? Korleis kan me finna ein modell for Alver? I tråd med samfunnsdelen ønskjer administrasjonen å sikra at bygder og grender ikkje blir fråflytta. Vi ønskjer å bruke bygda som ressurs og utforme kriteria for bruk av LNF -spreidd som vi kan diskutere vidare med Statsforvalteren over sommaren. Problemstillinga er at etablerte spreidd område ofte ikkje treffer der innbyggaren faktisk vil bygge. Omtrent ingen nye bustader er bygd på LNF-spreidd bustad i inneverande planperiode. Løfte mogelegheita for retningslinje for dispensasjon i område.

Statsforvalteren: positiv til definering av vekstsona og modellen rundt innanfrå og ut utvikling i dei definerte sentra. Det viktigaste er korleis Alver kommune planleggar i sentra og det som er presentert i dag er gode grep. LNF -spreidd bustad - Det føreligg ein rettleiar for spreidd busetnad. Det er fleire viktige statlege retningslinjer som må følgjast. I slike område må ein ha eit blick på andre aspektar som barn og unge, kva slags forhold eksistera for skule, transport og nærområde. Det er mogelegheiter og for å ikkje legge ut noko, og handtere det gjennom dispensasjon. Uansett vil retningslinjene ikkje vere juridisk bindande, men kan mogeleg handterast utan at det binder for mykje opp. Generelt: Ein kjem ikkje utanom ein konkret sakshandsaming i slike saker.

Statsforvalteren forhalder seg i utgangspunktet til rettleiaren, men dette kan vere ein bra prøvestein. SF slitar litt med dei store LNF-spreidd «firkantane». Med gode retningslinjer er SF interessert i ein mogeleg modell. Står det klart ut i føresegna, skal det vere mogeleg. Retningslinjer til dispensasjon, kontra LNF-spreidd, trenger ikkje vere eit treffsikkert verkemiddel. Det treffer nødvendig ikkje alle saker like godt. Slik som rettleiaren tolkast er ikkje LNF-spreidd til fortetting



Det er ein intern diskusjon hos Statsforvalteren på korleis dei skal handtere problematikken rundt dispensasjon kontra spreidd områder. Alver er eit godt dømes kor vi kan sjå på å utfordre modellen. Det er interessant om Alver kan jobba vidare med modellen og presentere dette før planen er ferdig. Semje om at Alver løftar tematikken ved seinare tidspunkt.

Alver understreka at det er eit politisk mål om få til andre plangrep for levande bygder. Det er eit tema vi ønskjer å snakke saman om undervegs i prosessen. Dersom det blir eit krav om gang- og sykkelveg i LNF-spreidd bustadområder vil det ikkje vere mogleg å legge ut areala. Mange område i Alver har ikkje tilstrekkeleg GS-veg eller «trygg» skoleveg. Det vil ikkje vere realistisk å få dette etablert for å få bygge til dømes to bustader i ei bygd, som eit døme bruker vi Romarheimbygda. GS-veg til næraste skule vil vere langs E 39 til Ostereidet. Vi må komme tilbake til krav for LNF-spreidd bustad versus byggeområde i kommunen (både sentralt og meir perifert). Men det er snakk om mindre skala, ikkje større byggefelt.

Bebygde eigendomar i LNF

Punkt til diskusjon: vedtakspunkt blei snudd av politikarane knytt til bebygde eigendomar i LNF innanfor 100-meters beltet. Det blir opplisting vidare, fordi det er for krevjande å teikne alt inn i kartet. Vi ønskjer å gå utanfor 5 mål for å få med fleire eigendomar. Poengterte forskjellsbehandlinga om tiltak på bygg i LNF. Forskjell mellom eigendomar i drift og fråskilde tomter.

Statsforvalteren: Det er opna for mindre tiltak i gjeldande føresegner frå KPA Lindås. Det er berre snakk om «kurante» tiltak på bebygde eigendomar. Me må diskutere dette internt, det er ein balanse mellom å ikkje opne opp for mye og gjere saksbehandling enklare. SF må gå litt i tenkeboksen, men salen deler skepsisen. Statsforvalteren skal i haust ta ein intern diskusjon på det politiske vedtaket knytt til bebygde eigendomar i LNF; strandsone og 100. Det gjelder å finne balansen mellom statlege og lokale politiske føringar.